



SKAPARGLEDE

## Pedagogisk plattform for grunnskulen i Sykkylven

# Skaparglede og lærelyst

Skaparglede og lærelyst oppstår når elevane er trygge, inkluderte og har gode opplevingar gjennom varierte læringsaktivitetar og utforsking. Sluttproduktet er barn og unge med kompetanse til å meistre utfordringar og løyse oppgåver gjennom livet.

Den sykkylvske skulen har felles grunnlag i elevsyn, synet på dei vaksne i skulen, læringssyn og kultur. I tillegg er skulen ein viktig del av nærmiljøet, og heimen er sentral for skulen si verksemd.



Råna. Foto: Arild Bergstrøm

”Kompetanse er å tileigne seg og nytte kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.”

(NOU 2015:8 *Fremtidens skole*)

## Verdigrunnlag

*Alle har ansvar for å ta vare på kvarandre og stoppe alle former for utestenging, mobbing og krenkingar.*

*Alle elevane blir sett og høyr.*

- ⇒ Skulen skal både utdanne og danne. Kunnskapsløftet 2006 med overordna del og læreplanar, i tillegg til opplæringslova inkl. forskrifter, legg grunnlaget for skulen si verksemd og innhaldet i opplæringa. Dei verdiane skulen bygg på, skal prege skulekvardagen.
- ⇒ Felles verdigrunnlag er kristen og humanistisk arv og tradisjon, forankra i menneskerettane. Verdiane kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn. Demokrati, likestilling, kulturelt mangfald, gjensidig respekt, respekt for menneskeverd og natur, ytringsfridom, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet er grunnleggande verdiar.




Sandvikhornet. Foto: Ellen de Wit

## Elevsyn

- ⇒ Elevane har krav på respekt for kva dei kan, og krav på ein læringsarena som tek vare på behovet for tryggleik, læring og utvikling.
- ⇒ Kvar elev er eit heilt menneske som må møtast med forståing og respekt.
- ⇒ Elevane søker meistring, utfordringar, aksept og grenser.
- ⇒ Elevane er kreative, nysgjerrige og må få delta aktivt i si eiga læring.
- ⇒ Elevane er aktivt tenkjande og sjølvstendige menneske, som kan og vil lære gjennom å få gradvis større ansvar for eiga utvikling og læring.
- ⇒ Elevane er ulike i modning, erfaringar, evne og interesser og har ulike behov. Kvar elev er verdifull og har mykje å bidra med inn i fellesskapet.
- ⇒ Elevane yt best når dei vert sett, høyr og respektert.

## Syn på lærarrolla og vaksenrolla


- ⇒ Dei vaksne tek vare på og legg til rette for lærelyst og kreativitet i alle situasjonar.
- ⇒ Dei vaksne er oppdragarar, førebilete og omsorgspersonar, i samarbeid med dei føresette. Relasjonskompetanse er grunnleggjande viktig i tillegg til fagkompetansen.
- ⇒ Dei vaksne er tydelege leiarar, rettleiarar, inspiratorar og formidlarar.
- ⇒ Dei vaksne tek ansvar for at alle elevar har det trygt og godt og samarbeider med andre instansar og fagpersonar ved behov.
- ⇒ Dei vaksne er fleksible, løysingsorienterte, engasjerte og aktive deltakarar i samarbeid og fornyingsarbeid i tråd med aktuell forskning og teori.
- ⇒ **Barnets beste** skal alltid vurderast og vere rettesnor, jf. Barnekonvensjonen.



Aure ein dag i januar. Foto: Bjørn Utgård

## Læringsmiljø og lærings syn

- ⇒ Skulen har nulltoleranse for alle former for utestenging, mobbing og krenkingar. Vi bryr oss om og tek vare på kvarandre.
- ⇒ Elevane lærer ut i frå lyst og ønskje om å lukkast. Dei lærer når dei ser nytten av ny læring og gjennom å meistre. Læring skjer overalt. Elevane får vite kva dei er dyktige til.
- ⇒ Elevane lærer saman med andre og av andre, men også ved å finne ut ting på eiga hand. Ein lærer ved å vere aktiv, leikande og prøvande, ved å gjere val og ta ansvar. Elevane lærer ulike ting til ulike tidspunkt i livet. Å kunne løyse oppgåver både sjølvstendig og saman med andre er viktige kompetansar.
- ⇒ Elevane lærer når dei opplever noko, føler noko og er nysgjerrige. Dei lærer gjennom ulike sanseintrykk, sosiale relasjonar, konkrete handlingar og gjennom bruk av ulike kunnskapskjelder og verkty.
- ⇒ Elevane lærer når dei tek i bruk tidlegare erfaringar og lærte reiskap, og når dei erfarer nye ting. Dei lærer ved å trene og å ha noko å strekke seg etter, og gjennom å fordjupe seg i utvalte tema og kjerneelement i fag. Dette er grunnlaget for djupnelæring og forståing.
- ⇒ Digital kompetanse er ein viktig del av dagens og framtidens utdanning og samfunns- og arbeidsliv.
- ⇒ Livsmeistring - rettleiing og øving i å takle med- og motgang og evne til å handtere krevjande situasjonar og stress skapar robuste barn og unge som er trygge på seg sjølv og omgjevnadane.
- ⇒ Opplæringa skal fremje glede over fysisk aktivitet og det å vere ute i naturen.
- ⇒ Skulen og kulturskulen samarbeider om å gi elevane kulturelle opplevingar og erfaringar.



Idyll i Vikeelva. Foto: Ellen de Wit

**Vi gir elevane utfordringar som inneber meistring og ansvar. Dette meiner vi er grunnlaget for lærelyst og skaparglede.**

## Skulen i nærmiljøet


- ⇒ Skulen bygg på dei erfaringane elevane har med seg frå andre arenaer, t.d. fritidsaktivitetar og –interesser, idrett og kulturskule.
- ⇒ Skulen skal vere ein levande samlingsstad i lokalsamfunnet og fremje eit utviklande samarbeid der natur, kultur og næringsliv skal vere gjensidig berikande.
- ⇒ Folkehelse og aktivitet er sentralt og våre vakre nærrområde med fjordar, fjell og dalar skal nyttast aktivt og ofte i læringsaktivitet og opplevingar.



Vårstemning på Vik. Foto: Olgunn Haugen

## Samarbeid heim - skule

- ⇒ Opplæringa skal skje i tett samarbeid mellom skule/SFO, elevar og føresette.
- ⇒ Samarbeid mellom skule/SFO, heim og nærmiljø skal bidra til eit positivt læringsmiljø som legg vekt på tryggleik, trivsel, utvikling og læring. Alle veit kva ein kan forvente av kvarandre.
- ⇒ Det skal vere gjensidig respekt og god informasjon mellom heim og skule. Samarbeidet med klassekon-taktar, FAU og SU er sentralt.
- ⇒ Skulen skal vektlegge ein open, positiv, sakleg og likeverdig dialog og i alle samanhengar vere ein profesjonell part i samarbeidet.
- ⇒ Skulen skal bidra inn i tverrfagleg samarbeid med andre instansar ved behov.



”Kompetanse betyr å kunne meist-re utfordringar og løyse oppgåver i ulike samanhengar og omfattar både kognitiv, praktisk, sosial og emosjonell læring og utvikling, inkludert haldningar, verdiar og etiske vurderingar. Kompetanse kan utviklast og lærast og kjem til uttrykk gjennom kva personar gjer i ulike aktivitetar og situasjonar.”

(NOU 2015:8 *Fremtidens skole*)

Frå Trollkyrkja Foto: Bård Stave



SYKKYLVEN



SKAPARGLEDE

Sykkylven kommune  
Sentralbord: 70 25 65 00  
postmottak@sykkylven.kommune.no